

Jo lenger unna krigen er, jo fleire medvitne veteranar har det blitt. Årets 8. mai er siste sjanse til å setta sitt fingeravtrykk på historia.

Den siste krigen



OVERLEVERINGA AV AKERSHUS: Bildet som skulle henga i alle etterkrigstidas norske klasserom som det ikonografiske uttrykket for kven som vann krigen.

Milorg og hjemmefronten hadde vunne krigen. Vår kamp var krona med siger. 8. mai 1945 kom gutta på skauten fram og tok hand om freden. Sidan blei dei autoriserte veteranar som forvalta eigedomsretten minne og myter om krigsinnsatsen. Dei verna minnet mot allmueliggjering og ufarliggjering, og dei hegna om det same veteranskapet og gjorde det til eit knapt gode.

Dei mest synlige og høyrbare i veteranmiljøet har vore dei som var heime og deltok i dei mest spektakulære aksjonane. Dei ra erindringsbøker skulle vera obligatorisk lesnad til lærdom og akt for den oppvaksande slekt. Dei har på ein måte tatt eigedomsrett til krigen og hatt eit slags tolkningsmonopol på kva for lærdommar som skulle trekkast.



ANDREAS HOMPLAND

SIDEBLIKK

Det autoriserte veteranmiljøet har vore sterkt autoritært, høgreorientert og til dels reaksjonært. Det har ausa mistanke utover alle avvik frå den rette linja i forsvarspolitik og utanrikspolitik. Demokratisk åpenhet og mangfald har vore stempla som tvilsam veikhet. Det er heller ikkje bare vakre haldningar til innvandrarar som har hatt grobotn i slike kretsar.

Denne 8. mai er den siste markeringa med tyngde fordi det er lenge til neste runde årstal, og fordi dei som var med, er i ferd med å døy ut. Den veterangruppe som ikkje får sett sitt fingeravtrykk på historia ved dette høvet, får ingen sjanse. Derfor har også kampen om å vera ekte veteranar spissa seg til. Striden står om kven som skal ha rett til å kjenna seg som deltakar i kampen



JENS CHR. HAUGE har levert sin endelige versjon.



ERIK BYE hausta storm da han ville snakke om noe anna.



GRO har gjort alle finnmarkingar til krigsveteranar.

på sin måte og sin plass, forvalta minnet, tolka hendingane, setta dei i samanheng, halda oppe mytene og tre fka lærdommane.

Jens Chr. Hauge har sett punktum for siste redigering av si offisielle fortolking. Han har sluppet ut noen nye bitar, men resten vil han skal vera taushet. Det som nå er uteløst, har ikkje funnest.

Slik går det neppe. Det kan åpenbart stadig stillast mange spørsmål ved den norske krigshistoria både før, under og etter krigen. Heroismen skapar alltid behov for revisjonane.

To linjer møtest og produserer paradoksalt nok meir veteranenskap til leger utna krigen er: Aldrande men får behov for å plassera sin ungdom i historia; og nå er det siste sjansen for det er for seint. Noen har brukt høvet til å koma i pakt med seg sjølg og få ro i sjela. Andre har investert på nytt i kampen om veteranskapet.

Krigshistoria er ikkje komplett, og kan aldri bli det, men noen grupper har med egne og andres hjelp kjempa seg til sin plass for timeglasset rena ut.

Krigsseglarane venta skamløst lenge både på medaljer og økonomisk vederlag, og mange av dei hadde stadig nye forhåpningars dei gjekk for lut og kaldt vatn. Partisanane i Finnmark var usynlige i skuggen av den kalde krigen. Kjell Fjortoft har skrive deira bitterhet inn i historia, og i Hammerfest gjorde Gro alle finnmarkingar frå den

gong til krigsveteranar.

På Nationaltheatrets amfi-scene skal Knut Wigert framføra Arnulf Øverland og Nordahl Grieg i full frihet: «Du må ikke sove.» Men det er «Kirsebærtreet» som har fått plass på hovedscenen med lagnaden til krigsseglarane i japansk fangenskap som ikkje kom heim før fredsrusen var over. Dei kom for seint til freden.

Noen har meint at kampen mot dagens nynazisme og vaksande rasisme burde så i sentrum for 50-års minnet. Andre har mint om at norske haldningar til jødar og sigøynarar var heller tvilsame både før og under krigen. Og noen har meint at tida er moden for å gå kritisk gjennom rettsoppgjeret og herpeseringa av den tapande part og deira barn.

Men la alt dette fara denne 8. mai. Måndag er ikkje dagen for nye spørsmål, men eit punktum for dei gamle – frå dei gamle. I år er det krigsveteranane sin dag – deira siste. Ein skal ikkje venta eller krevja utsoning og forsoning av dei som har bala med sår og sorg, mærritt og bitterhet i 50 år.

Kampen om det kollektive, nasjonale minnet om krigen er ikkje slutt. Men veteranane frå alle arenaer har fortent å få kvila. Det har også vi som har kome til etterpå – kvila frå den moralske sida av historiskrivninga, og kvila frå kampen mellom veteranane om kven som er dei sannaste veteranar med størst fortolkningsrett og kraft.